

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV

OKTOBER 2006.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag: Månd. kl 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid  
President: Hans Gisle Holstad  
Visepres.: Åge Nytnun  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres.: Arve R. Røyset  
Styremedlem: Johan Ole Brandal  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Ansv. red.: Sverre Bjåstad  
Referent: Vigdis Riise

## Fødselsdagar i oktober:

Sigbjørn Haddal	3. oktober
Karl Johan Brandal	16. oktober
Tryge Riise	31. oktober

## 100% frammøte oktober:

Johan Ole Brandal, Håkon Eidsvik, Aud Grimstad, Hans Gisle Holstad, Odd Arne Holstad, Jan Håvard Nytnun, Anders Riise, Vigdis Riise, Ågot Riise, Trygve Riise, Arve Røyset, John Stennes, Svein Johs Flø, Arne G. Grimstad, Otto Holstad, Hans Otto Rise, Elias Sellevoll

**Frammøte i okt.: 78,1%**

## *STORMHAVET*

Tyngre enn stormhavet  
kjem dei frådande  
mot meg,  
dei utenkte tankane.

Eg har knytt nevane i trass  
imot braket.

Eg har stuft meg uti  
mot djupet,  
stuft gjennom avgrunnar  
mot botnar eg aldri nådde.

I maktløyse har eg spurt stjernene.  
Eg har ropt  
mot dei tusen lysande augo  
og spurt kva dei såg,  
kva dei visste  
om denne evige uroa.

Stjernene ser alt  
og smiler.

-----  
Eg står ved stranda  
og let havet kome.  
Eg opnar famnen min  
og tek imot det.  
Eg helsar havet  
og let det bere meg,  
let det lyfte meg  
og knuse meg  
til skum'i braket  
mot kystar  
berre stjernene før har sett.

Frå første diktsamlinga til Marie Takvam som fylte 80 år i oktober 2006

## ***Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb – oktober 2006***

*Referent: Vigdis Riise*

### **Møte 2. oktober**

Vi opna møtet med ”La oss leve for kvarandre”, og presidenten helsa frå Einar Arne Riise som i vinterhalvåret bur i Marbella i Spania der han er med i den skandinaviske Rotaryklubben.

Den 15. oktober er Hareid Rotaryklubb innbedne til Colorline Stadion i Ålesund der vi skal få omvising, middag og sitje på VIP tribune får å sjå fotballkampen mellom AaFK og Bryne. Ca. 30 medlemmer har meldt seg på.

Æresmedlem Arne Holstad var på møtet denne kvelden og opplyste om at han har rydda ”gamlekontoret” i samband med flytting, og at han der hadde sortert ut ein del skriftleg materiale som kanskje klubben kunne ha nytte av .

Presidenten takka og bad om at styret fekk ta hand om dette.

Hovudprogramposten denne kvelden var ein presentasjon av firmaet **HRC**, eller Human Resource Center AS. som har hovudkontor på Hareid

Jan Henrik Johansen frå Hjørungavåg, som er ein av eigarane fortalde at selskapet vart etablert i mai 2002 og har f.t. 3 tilsette, der ein av dei: Stig Arve Larsen driv eit avdelingskontor i Bergen.

Selskapet driv med:

- formidling av sjøfolk; faste stillingar og vikariat
- utleige av sjøfolk, DPO, kranførar, Medic, elektrikarar og maskinistar.
- konsulenttenester
- rekrutering av landtilsette, inspektørar, QA personal
- crew management

Dei har over 90 rederi og riggselskap som kundar og over 5000 sjøfolk er registrerte i HRC sin database. Dei formidlar ca. 400 stillingar pr. år.

Kandidatane til stillingane registrerer sin kompetanse via Internett, og scannar inn kopiar av sine sertifikat m.m.

HCR annonserer på nett alle ledige stillingar, slik at den enkelte kandidat kan søkje.

Alle kandidatane vert sjekka før HCR sender dei til det enkelte rederi som har behov for mannskap.

Omsetninga i selskapet har auka frå 4,3 mill i 2002 til 19,6 i 2005 og i 2006 vil omsetninga auke ytterlegare.

### **Møte 9. oktober**

Etter song og meldingar fekk **Oskar Grimstad** ordet for å halde yrkesforedrag og opna dette med å presentere seg sjølv og familien sin – både foreldre, søsken og eiga familie med kone Lillian, tre døtrer og barnebarn.

Oskar er fødd i 1954 og starta karrieren som messegut på ”Hadarfisk” i 1969 med Leif K. Hareide som skipper. Deretter reiste han på ein ”Freddybåt” og hadde eit uforgløyemeleg år i utanriksfart før han fekk seg arbeid på land ved Hjørungavåg Verkstad der han tok sveisesertifikat. Likevel vart det litt sjøliv innimellom når det var kontraktstørke på verftet.

I 1980 fekk han spørsmål frå faren Karsten Grimstad om å ta til i hans firma: K. Grimstad Blikkeslagerverksted. Dei driv hovudsakleg med ventilasjons- og anna utstyr til byggebransjen og hadde ei tid 8 årsverk. Det er til tider vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft og dei må for det meste drive intern opplæring.

I tillegg til blekkeslagerverksemd, så har dei utleige av lifter og ei mindre gravemaskin.

Oskar vart politisk engasjert for 16-17 år sidan då han var med å skipe Hareid Framstegsparti.

Han er medlem i Hareid Kommunestyre og er no inne i si 4. periode der i tillegg til å vere medlem i andre kommunale nemder. Førre periode var han også varaordførar i Hareid kommune.

Etter siste Fylkestingsval vart Oskar gruppleiar for Frp.gruppa på 10 repr. i Fylkestinget og har mange møtereiser til Molde.

I tillegg til dette er han styreleiar i Fjord 1 MRF, styremedlem i m.a: Fjord 1, Nordvestlandske Helseforetak Midt Norge, Innovasjon Møre og Romsdal og Fiskarbanken. Han er også medlem i representantskapet i Norges Bank og har vore sentralstyremedlem i FRP sidan 1999.

I Hareid kommune er ca. 100 store og små bedrifter og Oskar var ein av dei som tok initiativ til skiping av Hareid Næringsforum i 2005. Oskar synest at det er givande arbeid å få dette ”opp å gå”! Tidlegare i sommar ga dei ut eit flott magasin: ”Opplev Hareid”, noko som vart godt motteke. Eitt av satsingsområda er Hjørungavågspelet som bør marknadsførast meir og som alle i kommunen bør få eit større eigarskap til.

Oskar var flink å fortelje frå eit variert yrkesliv frå sjø og land både i kjeledress og kvitskjorte!

### **Colorline stadion 15.oktober.**

Presis kl. 14.00 stod 30 personar frå Hareid Rotary utanfor inngang 3 ved Colorline stadion og vart helsa hjarteleg velkomne av leiaren i Ålesund Fotballklubb; Arne Åmbakk.

Han tok oss med opp til 3.etg. der vi fekk ei svært grei orientering om historia, drifta og framtidsvisjonane til klubben og stadion.



*Arne Ambakk orienterer om stadion*

Stadion vart ferdig i april 2005 og var imponerende med sine mange funksjonar og mange kvm. areal både til eige bruk og utleige til m.a. Mattilsynet.

Ca. 1 time før kampstart vart vi inviterte til bords. ISS driv restauranten i 3. etg. og der kunne vi forsyne oss både av kalde og varme rettar.

På VIP-tribuna rett ut for restauranten hadde vi våre nummererte plassar med god oversikt over stadion og dei andre tribunenene rundt bana.

Det vi fekk vere med på var ÅFK sitt første heimetap i 2006. Bortelaget vann 2-0 etter at dei tok leiinga 1-0 før pause.

ÅFK trykte litt meir på etter pausen for utlikning, men utruleg nok så gjekk ballen ikkje over streken. Kampen tok aldri av frå ÅFK si side og dei hadde problem med å rydde unna eit solid Bryneforsvar.

Kampen var likevel ikkje kjedeleg og timane gjekk fort.



*Dei av oss som sat lengst aust hadde også svært kyndige og "medbrakte" sidekommentatorar (Arne.G og Sv.Kleppe) som underheldt oss undervegs i kampen.*

Dette var eit kjekt og vellukka arrangement for klubben.

### **Møte 16. oktober**

Etter opning av presidenten fekk **Einar Holm** ordet til eit 3.min. innlegg.

Han hadde funne fram og las eit lite med viktig kapittel i boka "Profeten" som den libanesiske forfattere Kahlil Gibran ga ut for nokre år sidan.

Dette kapitlet omhandla Vennskap, og Einar minte oss om at vennskap er eit sentralt omgrep i Rotary Internasjonalt.

**Olav Stavseng** kom denne kvelden og skulle fortelje å vise lysbilete frå sine mange turar i Tafjordfjella og Indre Sunnmøre.

Olav er opphavleg frå Stavseng i Liabygda, gift m. Jorunn f. Riise frå Hareid.

Turen denne kvelden tok til på Linge i Norddal kommune, langs fjorden, opp i bygda i Fjørå og innover fjella mot Tafjorden og Reindalsetra.

Olav viste oss fantastisk flotte bilete frå Tafjordfjella i alle årstider. Vi var innom fleire turisthytter, fekk sjå vakre fjellblomar, nydelege haustfargar og silkeskiføre, alle omkransa av flotte fjelltoppar så langt auga kunne sjå...

"Fjellturen" var også ein sving innom Romsdalsfjella v. Trollstigen og Tussanaustet på Bjørke i Ørsta.

Som avslutning fekk vi ein serie med vakre vinterbilete der Olav hadde "lagt på" roleg klassisk musikk.

Møtet denne kvelden vart ikkje avslutta før kl. 19.20, men dette gjorde ingen ting sidan vi hadde hatt ein så flott fjelltur med ein god fjellfører.

### **Møte 23. oktober.**

Denne kvelden var **Olav Fure** beden inn for å fortelje litt om prosjektet **Hareid Fastlandsamband**, og sidan han også er ein habil pianospelar, så fekk vi tonefølgje til allsongen som opna møtet.

Olav Fure kunne fortelje at han så tidleg som i 1984 kunne "sjå for seg" korleis Hareid skulle få fastlandsamband nordover og korleis traséen nokolunde skulle sjå ut.

Ingeniørfirmaet Sam. Lorgen i Ålesund utarbeidde planar (gratis) og selskapet Hareid Fastlandssamband vart skipa i 1986. Selskapet er eigd av 12 kommunar + Sparebanken Møre.

Frå ca. 1990 var det forholdsvis liten aktivitet i selskapet, men etter 2004 vart det litt meir fart i sakene att, og iflg. Fure så ligg det no godt til rette for at planane kan realiserast innan få år.

Innan 1. desember i år skal det ligge føre ei siste trafikkanalyse som han meinte ville vise at trafikkgrunnlaget er rikeleg for å kunne starte opp prosjektet.

Trasèen vil då gå i tunnel frå Bjåstad på Hareid ned til ca. 630 m.u.h. og oppatt i Langevåg i Sula og vidare i tunnel under Borgundfjorden til Gåseidvika.

Tunnelen skal vere sjølvfinansierende m. bompengar og vil iflg. Norsk Veg- og trafikkplan (frå 1991) revolusjonere samferdsla på Søre Sunnmøre.

Olav Fure er no medlem i styret for selskapet etter å ha vore styreleiar sidan 1986.

### **Møte 30. oktober**

Hausten er no komen på rett, og vi opna med songen ” Om kvelden” før presidenten gav ordet til nokre meldingar:

**Johs.J. Hareide** orienterte om Rotarystien der John Stennes har hogge ned ein god del tre og busker som kan nyttast til ved, men der er enno meir å sage ned for den som vil..... Yri har vore der med gravemaskin og jamna ut dei djupe grøftene, og han vil halde fram medarbeidet utover hauste/vinteren.

**Johan Ole Brandal** orienterte om Sri Lanka-prosjektet der pengane som er innsamla framleis ”står på bok” i påvente av kontakt med Rotary på Sri Lanka og påfølgjande søknad til Rotary Int. om midlar der vi kan søkje om min. \$ 5000. Det har hittil vore vanskeleg å få oppretta kontakt med Rotary på Sri Lanka, noko som er eit krav for å få prosjektmidlane oversendt og utdelt til dei som skal få glede og nytte av midlane: skule og skulemateriell.

**President Hans Gisle Holstad** orienterte om endringar i Rotary sin organisasjon og lover, der det no er eit krav at klubbane skal ha eigne vedtekter, noko som Hareid Rotaryklubb til denne tid ikkje har hatt. Hans Gisle har no utarbeidd eit forslag til vedtekter for Hareid Rotaryklubb og frammøtte medlemmer fekk utdelt forslaget til gjennomlesing og kommentar/retting innan 13. november. Dei endelege vedtektene skal vedtakast på årsmøtet som skal haldast 27. november.

Sidan dette var siste møtet i oktober og møtet skulle vere programfritt gjekk praten rundt borda resten av kvelden.